

## Kommunikasjonsvernforordninga - drøfting i tre komitear i Europaparlamentet - ikkje diskusjon om opplysningstenester ennå

21. juni 2017

- *Utkastet til kommunikasjonvernforordning generelt godt motteke i Europaparlamentet, men ulike oppfatningar om balansen mellom personvern og næringsinteresser*
- *Norske og fleire andre europeiske opplysningstenester meiner eit krav om førehandsgodkjenning for oppføring må endrast*
- *Problemstillinga er førebels ikkje omtalt i noko utkast til innstillingar eller i drøftingane i komiteane*
- *Opplysningstenestene arbeider aktivt mot medlemmer av Europaparlamentet for å få endringsframlegg på bordet til den vidare behandlinga*

[Tre komitear i Europaparlamentet](#) har nå hatt ei fyrste drøfting av framlegget til ny kommunikasjonvernforordning. Framlegget har fått merksemd i Noreg frå aktørar som leverer nummeropplysningstenester. Artikkelen 15 i framlegget tek til orde for at alle personer aktivt må gje samtykke til å vere oppført i søkbare registre som nummeropplysningstenester. Dette vil medføre eit omvendt prinsipp frå dagens norske system. Det er heller ikkje gjort framlegg om reglar for overgangsordningar for å sikre at eksisterande registre kan vidareførast. Norsk opplysningstenester meiner det vil vere vanskeleg å innhente samtykke frå den enkelte abonnent. Representantar frå næringslivet har hatt ei rekkje møter i Noreg og Brussel for informere om dette og har også gjort felles sak med andre nordiske, tyske og franske opplysningstenester for å få endra innhaldet. [Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen uttalte 16. juni](#) at regjeringa vil arbeide for å endre utkastet til forordning på dette punktet. Statsråd Bakke-Jensen sa også det same i [møtet i Europautvalet 7. juni i år](#).

I Europaparlamentet er det der Marju Lauristin (S&D, Estland) som er saksordførar i borgarretts-, justis- og innanrikskomiteen (LIBE). Denne komiteen har hovudansvar for saken. Ho la fram sitt utkast til [innstilling 9. juni](#). Saksordførar i industri-, forskings- og energikomiteen (ITRE), Kaja Kallas (ALDE, Estland) kom med [sitt utkast til fråsegn 22. mai](#). Saksordførar i indre marknads- og forbrukarkomiteen (IMCO), Eva Maydell (EPP, Bulgaria) har også lagt fram sitt [utkast til fråsegn](#). Saksordførar i rettskomiteen (JURI), Axel Voss (EPP, Tyskland) er venta å ha sitt utkast klart snart.

Både Lauristin, Kallas og Maydell har foreslått endringar til artikkelen 15. Desse endringane vil endre noko på korleis samtykke frå sluttbrukarane knytt til oppføring kan hentast inn mellom anna ved at det skal kunne innhentast både av opplysningstenestene og av teleoperatørane som samlar inn data i fyrste hand. Dette vil ikkje løyse dei problema nummeropplysningstenestene har med framlegget.

I drøftingane i borgarretts-, justis- og innanrikskomiteen (LIBE) 8. juni og industri-, forskings- og energikomiteen (ITRE) og indre marknads- og forbrukarkomiteen (IMCO) denne veka, var det ingen som kommenterte den konkrete problemstillinga med nummeropplysningstenester. Hovudlinene i framlegget synes å ha brei støtte, men det er ulike syn på balansen mellom personvern og næringsinteresser. Ein del åtvare mot at eit for høgt vernnivå kan gå ut over innovasjon og hindre utvikling av nye næringslivet. Andre var opptatt av at det høgaste personvernivået bør vere hovudregelen, men at den informerte forbrukar som ynskjer det eventuelt heller bør ha høve til å velje bort dette. Mange ga støtte til det generelle prinsippet om førehandsgodkjenning, jamvel om ein del tok til orde for å finne ein balanse mellom dette og målet om å kunne sikre innovasjon og nye løysingar. Mange var opptatt av at bruken av informasjonskapslar må avgrensast og gjerast meir oversiktleg, men igjen er det ulike syn på kva problem bruken av slike kapslar i røynda skapar

for personvernet. Det kom kritikk av at Kommisjonens framlegg går for langt i opne for unnatak får prinsippa i forordninga pga. offentlege interesser. Unnataka bør avgrensast og berre gjeld omsyn som forsvar, nasjonal sikkerheit eller førebygging eller etterforskning av kriminalitet. Mange var opptatt av å sikre samsvar med dei generelle personvernreglane som er vedteke i EU og andre regelverk. Rettskomiteen (JURI) har ikkje hatt ei drøfting av framlegget ennå.

Det er frist for endringsframlegg i LIBE 5. juli og i dei andre involverte komiteane er det frist for endringsframlegg neste veke. Norske og andre nummeropplysningstenester vonar at det vil bli fremja endringsframlegg som sikrar vidareføring av dagens forretningsmodell. Også den europeiske interesseorganisasjonen for slike tenester skal ha teke til orde for at artikkel 15 i framlegget bør endrast.

Det var 10. januar i år Kommisjonen la fram [forslag til forordning](#) om respekt for privatlivet og vern av persondata i elektronisk kommunikasjon (kommunikasjonsvernforordninga), også omtala som e-databeskyttelsesforordninga. Forordninga vil erstatte eit eksisterande kommunikasjonverndirektiv. Forslaget vart omtalt i [Stortingets EU/EØS-nytt](#) 12. januar i år, jf. også eit [faktaark fra Europaparlamentet om saken](#). Kommisjonen har teke til orde for at forordninga bør trå i kraft samstundes som det nye generelle personvernregelverket til EU i mai 2018. Timeplanen i Europaparlamentet er lagt opp får å nå dette, med avrøysting i LIBE-komiteen i oktober.

#### *Kommentar*

*Det synes vere brei semje om hovudprinsippa i framlegget til ny forordning. Mange i Europaparlamentet er opptatt av å sette privatlivet til den enkelte brukar i sentrum og om det generelle prinsippet om førehandssamtjykke. Det er likevel ulike oppfatningar av kvar balansepunktet mellom personvern og næringsinteresser bør ligge. Det er svært ulike system for nummeropplysning (eller mangel på dette) i ulike europeiske land. Dette kan gjere det krevjande å nå fram med argument om å endre framlegget på dette konkrete punktet til parlamentarikarar frå land med andre system enn det nordiske. Likevel vil dette vere vesentleg lettare om både nordiske, tyske og franske aktørar har ein felles posisjon i dette spørsmålet.*

Med helsing

Per S. Nestande  
seniorrådgjevar  
Stortingets Brussel-kontor  
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11  
Mobil: +47 917 68 598  
E-post: [psn@stortinget.no](mailto:psn@stortinget.no)

[www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)